


SØKELYS PÅ ODDA KOMMUNESTYRE

1976
-80



Utgitt
av
Raud
Valallianse

FORORD



Dette er ei oppsummering av ein del av det viktigaste som har skjedd i Odda kommunestyre dei siste fire åra (frøm til 1. juli 1979). Det er lagt spesiell vekt på å få fram kva RV her stått for, kva vi har gjort og oppnådd etter at vi kom med i kommunestyret i 1975.

Det har vore meininga å få fram begge sider ved arbeidet. Skal ein få retta på feil og veikskepar nyttar det lite å prøve å skjule dei.

Det er fleire viktige grunnar til denne oppsummeringa:

Vi pliktar å informere alle som stør oss om politikken og arbeidet vårt. Dette gjeld i særleg grad dei som stemte oss inn i 1975.

Ved å legge fram desse vurderingane og opplysningane er det råd å få ein diskusjon som vil tene arbeidet i framtida.

Lokalpressa (spesielt Hardanger Folkeblød) gjer lite for å informere folk om det som skjer i kommunestyret, Spesielt kva RV gjer.

Med dette ønskjer vi lukke til med lesinga. La oss få vite kva du meiner !

Telefonnr. & adresse, sjå baksida.

RV's valkamputval.

KVA GJEKK VI TIL VAL PÅ?

I programmet frå 1975 vart det lagt relativt stor vekt på å forklare prinsipielle saker som proletariatets diktatur, revolusjonen o.l.

Det vart vidare slått fast at kommunestyret var ein del av det borgarlege statsapparatet. "Kommunestyret i Odda kan aldri sette folks interesser øverst på saklista."

Når RV likevel kjempa for å komme inn i dette kommunestyret var det med følgjande lovnad: "Det eneste løftet Rød Valgallianse derfor kan gi i denne valgkampen, er at vi både i og utafør kommunestyret konsekvent vil støtte arbeidsfolks interessekamp og ta initiativ til slike kamper"

Ved sida av denne lovnaden var følgjande saker særskilt framheva i programmet:

- * at vi ikkje ville akseptere teieplikta, men informere folk om alle saker med interesse.
- * at vi ville kjempe for å avsløre pampevelde, korrupsjon og hestehandel.



Desse sakene som stod innleingsvis i programmet etterlet ingen tvil om at RV var eit sosialistisk og revolusjonært alternativ.

Men dei som tok seg tid til å lese gjennom heile det store programmet vårt i 1975, fann ut at 2/3 av dei tok for seg lokale saker og fremma mange viktige og konkrete krav.

RV sa aldri som dei andre partia: "Stem på oss så skal vi bygge ny skule" eller liknande. Tvert om slo vi fast at dersom viktige saker skulle bli gjennomført, var det ein førsetnad at folk sjølv var villige til å kjempe.

KVA ER OPPNÅDD - OG KORLEIS ?

RV har ikkje prega kommunestyret med å mange av framlegga sine vedtatt. Tvert om har dei aller fleste av RV's framlegg blitt forkasta med stort fleirtal. Ja, svært mange framlegg har fått berre RV's eiga stemme.

Når vi meiner at det likevel kan vere rett å hevde at RV har sett sitt preg på perioden er det p.g.a. sakene som RV har gjort seg til talsmann for, og dei standpunkta RV har tatt.

Det er sjølvsagt eit hypotetisk spørsmål kva som hadde skjedd med ein del saker dersom RV ikkje hadde vore representert, men

* hadde tidlegare DNA-formann blitt tiltalt for svindel ?

* hadde ein greidd å forhindre at Wenche Dagestad var blitt stilt for retten ?

* hadde det blitt retta skarpt lys mot ein del av misforholda innan toppskiktet i DNA og kommunen, slikt som tariffstridige lønner, subsidierte husleiger o.l.?

RV har stått sentralt i desse og andre saker, men høilt avgjerande for dei resultatene som har blitt nådd, er det engasjementet som folk utafor kommunestyret har vist i sakene. Utan at folk flest hadde engasjert seg, ville RV ha ført ein nytteslaus kamp frå talarstolen.

DEN ØKONOMISE KRISA OG ODDA KOMMUNE

Analysen frå programmet i 1975 av kommunen som ein del av statsapparatet har kome klart til uttrykk.

Når profitten minkar for kapitalen, treng staten midlar for å hjelpe kapitalen. Det vert derfor skore kraftig ned på alt som ikkje gir overskott. Dei økonomiske rammene

for skular, helsestell, kultur osv. vert redusert til det absolutte minimum.

Storkapitalen får all slags gunstige ordningar med å sette overskott på fonds o.l. mens vanlege folk berre får auka økonomiske byrder.

Dei større bedriftene i Odda har knapt

betalt ei skattekrone dei siste åra. Derimot har dei fårr diverse tilskott. KV har t.d. fått forskottert 30 millionar (!) av Odda kommune. Ikkje rart at vi har dårleg råd !

Då kommunestyret (mot Ringen & Co's) stemmer ville innføre eigedomsskatt på den lokale storkapitalen, noko som ville gi sårt trengte 1 million kroner på 79-budsjettet, vart dette stoppa av staten. Nå var det lønns- og prisstopp, sa staten !


Derimot har innbyggjarane fått svi!

- * barnehagesatsane har stige med over 200 %
- * kommunale husleiger har stige med over 100 %
- * huseigaravgiftene (vatn, kloakk, renovasjon) har stige med omlag 100 %

alt dette i siste fireårsperioden.

Har vi i same periode hatt ei tilsvarende lønnsauke ? Dei som hadde 50 000 i 1975, har dei 100 000 i dag ? På langt nær!

Men denne grove foryerringa har ikkje blitt gjennomført utan motstand. Underskriftsak-sjonar, punktdemonstrasjonar utafor kom-



Teknisk etat/ brannstasjonen i Odda

munestyrelokalet , protestskriv o.l. har vore mellom kampmidla. Det har også skjedd at fagforreningar har engasjert seg og vedtatt fråsegner.

Og motsett: RV fremma i kommunestyret forslag om at kommunestyret skulle støtte avd. 61 i deira kamp mot rasjonaliseringa på bedrifta. Noko som sjølvsagt ville minske skatteinntektene til kommunen.

Og kampen har i svært mange tilfelle ført til at foryerringa ikkje har blitt vedtatt slik det var tenkt frå starten, men i forminska utgåve

Å kjempe imot forverringar for vanlege folk har vore kanskje den viktigaste oppgåva for RV i perioden. Vi har derfor vore med både i og utafør kommunestyresalen. I samband med 1977-budsjettet inviterte vi til ope møte og la fram budsjettforslaget for dei framømte. Det kan vere svært vanskeleg å forstå korleis budsjettet vil slå ut i konkrete tiltak. Informasjon er derfor viktig. Dette var eit tiltak som RV diverre ikkje har greidd å følgje opp. Det må vere eit mål for ettertida.

"Det finnst ikkje pengar..."

Ovanforstående har vore ein mykje nytta replikk mot forslag frå RV, når vi har fremma konkrete forslag om løyvingar til beste for skule, sosial-, helsestell eller noko anna som har kome folk til gode.

For det første er det gjener dei som går hardast inn for millionane til KV eller busstasjon på Almerket som protesterer mot tilleggsloøyvingar til skulen. For det andre finnst det ein del misbruk av pengar i Odda, pengar som desse folka meir eller mindre har løyvt til seg sjølv i form av topp-lønner, telefontilskott o.l. Også dette er heilage kyr for dei. Til nå har RV alltid vore aleine om å røyste for forslag om å endre på dette.

To alternativ.

Representantar i parlamentariske organ må velje mellom to alternativ: Anten å vere lojal mot systemet og akseptere skatteinn-drivar-rolla. Eller å vere lojale mot interessene til vanlege folk og den kampen dei fører mot forverring. Vi vonar oversikta attanfor vil vise korleis representantar for dei ulike partia har valt.

Kampen må rettast mot staten!

Uansett misbruket som skjer med kommunale midlar, kampen må rettast mot statens undergraving av kommunane sin økonomi. Det er nemlig statstiltaka som så heilt og fullstendig har slått beina under Odda kommune økonomisk.

Alt i 1976 fremma RV eit forslag om dette, sjå side 16. Men først i samband med handsaminga av 1979-budsjettet hadde dette synet fått litt tilslutning også frå andre parti i kommunestyret.

Å styrke denne fronten mot statens utarmingspolitikk er den viktigaste oppgåva for å betre kommuneøkonomien, og dermed stoda for innbyggjarane. RV vil derfor legge stor vekt på å styrke denne fronten.

Sjå RV's forslag mot staten, neste side.

Dette forslaget fekk 9 stemmer. Med andre ord ein stor framgang frå sist vi hadde eit liknande framlegg, sjå side

Høgre og DNA gjekk saman om å avise forslaget og dermed kritisere regjeringa.

"I forbindelse med regjeringens økonomiske innstramningstiltak, har Odda kommune, til liks med flere andre kommuner, fått store økonomiske problemer. Problemer som i første rekke går utover barnehage, skolesektoren og eldreomsorgen. Undervisningsforholdene ved barneskolen i Odda er direkte utilfredsstillende, og bygningen er i en slik tilstand at den er direkte farlig. For å kunne innfri Kommunaldep. krav om å legge fram et budsjett som er i balanse, ber vi om at Odda kommune får et tilskudd på ca. 7-8 mill., som vil tilsvare det tap kommunen vil få i forbindelse med regjeringas økonomiske tiltak og tapte skatteinntekter.

Et slikt tilskudd vil sette kommunen i stand til å opprettholde omtrent det samme nivå på servicetilbudene som tidligere, samt sikre en viktig del av finansieringa til ny barneskole. Hvis kravet ikke blir innfridd vil kommunestyret ikke ta på seg ansvaret med å legge fram et budsjett som er i balanse, men budsjettene utifra hva vi mener er nødvendig for befolkningen i kommunen."

Den økonomiske forverringa som dei fleste nå merker på lomdeboka, vil etterkvart få stadig større ringverknader sosialt sett og på annan måte.

NOKRE UTVALDE SAKER

På sidene som kjem har vi omtalt nokre utvalde saker relativt grundig. I ei framstilling som dette kan vi ikkje omtale alt like grundig, oppsummeringa vert i største laget som ho er. Dei sakene vi omtalar litt grundig er valt fordi dei på kvar sin måte kastar lys over perioden, samt gir eit godt innblikk i korleis kommune- styret fungerer.

Lenger bak i boka kjem eit kronologisk oversyn over det viktigaste som har skjedd i perioden. (side 15 .)

⟷

30 millionar til KV

Den 12. mai 1976 vedtok kommunestyret mot 1 stemme (RV) å låne 25 millionar til etableringa av Kongsberg Våpenfabrikk. Alt i alt har kommunen lånt over 30 millionar til dette formålet.

Vidar Våde gav uttrykk for RV's syn i debatten:

"RV er for at det skaffes mange nye arbeidsplasser i Odda, og i landet ellers, men ikke for en hvilken som helst pris. I kommunene i utkant-Norge er det i dag et desperat behov for arbeidsplasser for å kunne opprettholde bosetting og for å redusere arbeidsløshet som i dag finnes. I forbindelse med dette har monopolene fått kommunene til å konkurrere med hverandre, en konkurranse som tjener monopolene, men som er imot folks interesser. Denne konkurransen går ut på at kommunene nedsylder seg sjøl i gjeld for at de kapitalsterke bedriftene skal komme til dekka bord."

KV har vore den heilage kua i perioden. Dei har fått meir eller mindre alt dei har peika på. Med ein gong behovet for tomt til direktørhus vart meldt, ordna kommunen med omregulering på Ragde. Noko som skulle ha

blitt leikeplass for ungane i det nye bygge feltet der oppe vart tatt. Og først etter aksjonar fekk ein tildelt nytt leikeområde, men på langt nær så gunstig som det gamle.

Innbyggjarar i kommunen har venta i årevis på byggetomt. Når eit monopol som KV kjem med sine krav, vert dei først og fremst innfridd. Er det deretter tomter til overs får andre ein sjanse.

Kommuneleiinga er stolte over å ha dradd KV på land i Odda, og vil av alle krefter hevde at KV er ei god investering. Vi kan ikkje anna enn overlata til ettertida å vise det økonomiske sluttresultatet. Men knapt nokon er så naive at dei trur KV kom til Odda for å betre kommunens økonomi. Vi har lite tru på at kommunen kjem til å få attende alle millionane sine. Skulle det vise seg at vi tar feil, skal vi nok tygge i oss det. Men kven er det som skal betale dersom vi ikkje tar feil?

Kommunen mot vanskelegstilte

Ved fleire høve i perioden har folk vendt seg t81 RV for å få hjelp, m.a. til å skaffe seg hus. Dette har helst vore vanskelegstilte som av ein eller annan grunn ikkje har nådd fram med kravet sitt, eller ikkje makta å ta kampen opp mot eit avslag frå kommunen.

Den mest kjente saka er utan tvil den såkalla Wenche-saka.

I lang tid hadde Wenche Dagestad blitt avvist av Eigedomsstyret. Ho var blitt ein kasteball for sosialvesenet. Det var etterkvart blitt heilt avgjerande for både Wenche og ungen hennar å få ein fast stad å bu. Og det stod ein god del tomme kommunale husvere.

Frå første stund støtta RV aksjonen som Wenche i samarbeid med Kvinnefronten gjennomførte for å få ein slutt på den utolege trakasseringa av Wenche, som ei ung ugift mor. Husokkupasjonen i Tyssedal og debatten omkring den, førte i stor utstrekning til at dei som hadde retta den moralske peikefingeren mot Wenche, fekk kjenne peikefingeren frå opinionen over seg.

Formannskapet var derfor heilt i utakt med den gjengse oppfatninga då dei samrøystes gjekk inn for at Wenche skulle tiltalast og straffast for å "ha tatt i besittelse annen manns eiendom".

RV som på eit tidlegare møte hadde støtta kampen til Wenche i ein interpellasjon der RV kravde at ho fekk tildelt husvere på vanlig måte, gjekk sjølvstarkt hardt mot dette reaksjonære åtaket. I røynda var det eit åtak ikkje berre på Wenche, men mot alle som var modige nok til å ta kampen opp mot kommunen.

SV som i formannskapet med begge stemmene sine hadde gått inn for tiltale mot Wenche, snudde nå om, og etterkvart var det berre ei lita, men hard kjerne (11 stk), som framleis kravde tiltale.

Denne sigeren i Wenche-saka var svært viktig. For det første førte aksjonen frå Wenche si side til at ho til slutt fekk hus. For det andre avdekkja denne kampen eit syn hos ein del folk i kommunestyret.

Eit år tidlegare hadde dei fleste av dei som nå kjempe for at Wenche skulle bli tiltalt kjempe like hardt for at Kjell Dahl ikkje skulle tiltalast!

Endeleg kan denne saka stå som eit skuledøme på kor viktig det er med skikkelege talsmenn innfor eit kommunestyre som talar for den kampen som vert ført utafor.

To tilsetjings saker...

I programmet frå 1975 heiter det m.a.:

"Kommuneadministrasjonen er i dag under DNA's kontroll. Dette utnytter partiet så langt de klarer ved tilsetjingar, tildeling av leiligheter og ved nærre forhold der det kan være fordeler å hente. Å ha partiboka til DNA i orden har vært, og er framleis en god måte å forsikre seg på i Odda !"

Stensland-saka er eit døme på dette. I januar 1977 vart det lyst ut stilling som "formann for rengjøringssektoren". Stillingen var plassert i lønstrinn 14, altså noe over 60 000 i året.

Stillinga såg ut til å vere skreddarsydd for t.d. ei vaskekone som etter mange års skuring kunne tenke seg eit litt lettare arbeid. Fleire av dei søkte, folk med omlag 20 års ansiennitet. Men blant søkjarane var også elektrikaren og DNA-politikaren Leiv Stensland. Han vart tilsett!

Men først etter at stillinga var endra til også å vere ein slags overvaktmeister. Som elektriskar kunne han jo då hevde å vere kvalifisert. I tillegg vart sjølvsagt stillinga då også oppjustert lønsmessig.

Dette var ein tilsetjingskandale som RV sjølvsagt ikkje kunne la passere. I ein interpellasjon forlangte vi tilsetjinga annullert. Vi kravde at ettersom stillinga var endra, måtte det lysast ut på nytt.

Ordføraren forsvarte tilsetjinga kraftig, og han nekta å ta RV's forslag opp til votering i kommunestyret!



To år seinare vert Stensland nominert som DNA's ordførarkandidat. Skal vi ynte fram-på med at jobben han fekk gav gode muligheter for å manøvrere seg inn der ?

10

FOLKVDORD-SAKA

Den andre sida av tilsetjingspolitikken i Odda fekk vi døme på i den såkalla Folkvord-saka.

Som kjent gjekk kontorsjef Seter i brev til skuleadministrasjonen imot at Kjell Folkvord skulle få ny tilsetjing i Odda, etter at han hadde sørga for at Dahl-saka var blitt offentleg kjent.

DNA-leiinga i Odda sette heile sin prestisje inn på å halda Folkvord utanfor jobben. H.F. gjorde alt avisa kunne for å mistenkeleggjere Folkvord og motiva hans. Men det heldt ikkje.

Saka var takka vere det landsomfattande støttearbeidet blitt så kjent, at departementet ikkje torte anna enn å tilsetje han.

DNA-leiinga i Odda kom i skammekroken. Dei kunne ikkje gjere anna enn resignere og sjå at Folkvord igjen fekk lærarjobb i kommunen.

Seinare har kommunen også gått med på å betale kr. 5000,- til Folkvord; og på det grunnlaget vart det omsider forlik i saka.

RV reiste denne saka i kommunestyret ved fleire høve. M.a. kravde RV i ein interpellasjon hausten 1976 at kommunestyret skulle ta avstand frå kontorsjef Seters brev om at Folkvord ikkje skulle få jobb. Denne kritikken vart avvist av ordføraren.

Elles var det først og fremst i skulestyret at Folkvord-saka vart handsama. Og kva hadde det ikkje hatt å seie for saka om RV også hadde hatt ein representant der ?

Kvinnearbeidsplassar og krise

I programmet frå 1975 hadde vi slått fast at kvinnearbeidsplassane var mest utsette i krisetider. Vi nemnte spesielt Odda Konfeksjon og Hovland Ullvarefabrikk: "Begge desse arbeidsplassane er truga av krise, og det

er viktig at arbeidarane bur seg til kamp mot innskrenkingar, permitteringar, lønnsnedslag eller redusert arbeidstid."

Desverre vart vi meir sannspåande her enn vi set pris på. Odda Konfeksjon gjekk konkurs og Hovland Ullvarefabrikk innskrenka 25 % av arbeidsstokken sin.

Når ikkje dei 12-14 kvinnen ved Odda Konfeksjon er arbeidslause i dag er det takka

vere den svært flotte kampen dei førte for arbeidsplassane sine. Dei vann stor respekt for denne langt ut over Oddas grenser.

Til tross for den svært dyktige gjengen med syersker greidde ikkje eigaren av bedrifta drive med overskott.

Dessutan hadde han ved å utnytte ein grov mangel på kontroll i administrasjonen i Odda, nærmast greidd å svindle kommunen for 100 000 kroner.

Dette forholdet gjorde at det var krefter i kommunen som gjekk på med dødsforakt for å få han slått konkurs. Det einaste resultatet av ein slik konkurs var at kvinnene som arbeidde der ville bli arbeidslause. Kommunen ville ikkje få att pengane sine, eller spare nemnede utgifter ved konkursen.

RV støtta derfor heilt og fullt opp om kvinnene sitt krav om at konkursen måtte utsetjast til arbeidsplassane var sikra ved at ein annan eigar overtok, eller på annan måte. RV vart ståande heilt aleine om å forsvare dette kravet i kommunestyret. Utan at noko var sikra vedtok kommunestyret å slå bedrifta konkurs og gjere kvinnene arbeidslause. Dette trur vi aldri hadde skjedd dersom det var like mange arbeidsplassar for menn det var snakk om!

RV's FORSLAG OG KOMMUNESTYRETS VEDTAK

Vidar Våde satte fram slikt forslag:

1. Kommunens konkursbegjæring overfor Odda Konfeksjonsfabrikk utsettes
2. Kommunen skal i mellomtiden gjøre alt^ den kan for at bedriften skal gå videre, og at alle som er ansatt i dag kan fortsette.
3. I alle tilfelle må kommunen garantere de ansatte nytt arbeid, slik at de ikke blir arbeidsledige

Forkasta med 39 mot 2 stemmer.

1. Kommunestyret sier seg enig i at kommunekassereren forkynner betalingsoppfordring etter konkurslovens § 5, og eventuell konkursbegjæring overfor Odda Konfeksjonsfabrikk
2. Formannskapet undersøker mulighetene for fortsatt sysselsetting av arbeidstakerne ved Odda Konfeksjonsfabrikk A/S.

Vedtatt med 40 mot 1 stemme

Nå var lukka betre enn forstanden. Ein småkapitalist frå Skien vart interessert i den solide arbeidskrafta, og med presset frå kvinnen i ryggen vart arbeidsplassane sikra etter ein litt forsiktig start.

SV og teieplikta

Ein annan viktig grunn til å trekke fram denne saka er at formannskapet ved fleire høve handsama og la opp til konkurransen, men heldt saka hemmeleg.

SV og andre i formannskapet som gjer krav på å tale arbeidsfolks saker, planla med andre ord å gjere 12-14 kvinner arbeidslause, utan å informere dei om noko!

Som RV slo fast i programmet sitt, ville vi aldri ha akseptert teieplikt i ei sak som dette.

Husleiga til E-verksjefen

Etter å ha blitt tipsa undersøkte vi og fann ut at E-verksjefen faktisk betalte mindre i husleige for ein einbustad enn pensjonistane på Kvitavoll betalte for å bu i blokk! Dessutan hadde E-verksjefen over 100 000 i inntekt.

Dette var sjølvsagt ikkje rekningsssvarande leige for dei lån og utgifter kommunen hadde på einbustaden. Mellomlegget vart ført som utgift på leigegårdsrekneskapen.

170 000 i året til politiske parti!

Ved sida av at staten kvart år gir 150 000 kroner til deling mellom dei politiske partia i Odda, har partia i tillegg løyvt seg sjølv 20 000 årleg.

RV har vore aleine om å gå imot å bruke skattepengar til dei politiske partia. Vi meiner at partia må greie å skaffe inntekt til eiga drift.

Kva kunne ikkje 20 000 kroner ha blitt nytta til på eit sosial- eller skulebud - sjett ? For ikkje å snakke om 170 000 !

Med andre ord skulle aitså andre leigebuarar subsidiere husleige til E-verksjefen.

Dette er ei sak som ikkje har vore flink nok til å følgje opp. Forslag frå RV om at E-verksjefen skal betale rekningsssvarande husleige, har blitt nedstemt utan at vi har pressa på for å vinne gjennom med eit slikt standpunkt.

„Pampetariffen“

Alt hausten 1976 avslørte RV at fleire av statsjefane og andre tenestemenn var lønna høgare enn tariffen.

Eit lesarbrev i Haugesunds Avis viste at Odda har landets dyraste ordførar (pr. innbyggjar). I 1979 er gasjen hans på heile 130 000, etter at han ved siste revisjon

fekk eit pålegg på ikkje mindre enn 15 000!

RV har ved alle naturlege høve foreslått at alle skal lønnast etter tariff, samt at ordføraren skal ha ei gjennomsnittleg industriarbeidarlønn. Dette er krav som etter det vi kan forstå har solid oppslutning blant folk flest. Likevel har RV alltid blitt ståande aleine bak dei i kommunestyret.

„Ein typisk situasjon...“

HARDANGER



Ein typisk situasjon i Odda kommunestyre. Representanten for Raud Valallianse, Vidar Våde (til høgre) på talerstolen der han er titt og ofte under kommunestyremøta. Frå høgre formannskapssekretæren, ordførar Einar ... Tvelt og varaordførar Alf Medhus, som berre ser så måteleg interessert i kva Våde har å seia denne gongen.

KRONOLOGISK OVERSIKT

1976:

11. FEBRUAR

* foreslo at det kommunale nydyrkingstilskottet skulle aukast frå 85 000 til 130 000. - forkasta mot 1 st.

* foreslo at kommunen skulle dekke utgiftene til veg, vatn og kloakk i samband med husbygging. - forkasta mot 1 st

31. MARS

* Foreslo at godtgjersle for brannmannskapet (utskrivne) skulle fastsetjast gjennom forhandlingar. Ikkje berre dikterast av kommunestyret slik praksisen var. - oversendt form.sk..

* stemte imot heving av matpengane ved Rabben barnehage

* foreslo at kommunen på grunn av dei store kostnadene skullegi tilskott på 50 % til tomter på Ragde. - forkasta mot 1 st.

12. MAI

* foreslo at dei tre kjemiske avdelin-

gane 44, 61 og 5 skulle oppnemne kvar sin representant til den kommunale arbeidvernemnda. - forkasta mot 2 st.

22. SEPTEMBER

* Interpellasjon, kravde at kommunestyret måtte få alle tilgjengelege opplysningar om Dahl-saka. Foreslo at kommunestyret skulle kritisere kontorsjef Seter for brevet der han truga Kjell Folkvord med jobben.

* Interpellasjon om tomteprisen i Eikåker, Tyssedal.

Ved overtakinga av tomtegrunnen hadde kommunen gjort ein tabbe som kosta dei atskillege tusen. Dette forlangte kommunen at husbyggjarane skulle betale ved å kreve kr. 27 pr. kvadratmeter, men kommunen hadde fått det til 10 kr. pr. kvadrat.

RV, som i denne sakavar blitt kontakta av husbyggjarane, stilte som forslag at tomteprisane måtte omgjerast. Ordføraren nekta å stille forslaget til avrøysting.

Husbyggjarane går nå til rettsak mot kommunen.

27. OKTOBER

* fremma følgjande forslag:

"Kommunestyret protesterer på det sterkeste på at kommunen til stadighet blir påført utgifter av staten som undergraver mulighetene for en tilnærmedesvis økonomisk sjølstendighet. Samtidig vil vi protestere mot at bedriftene i kommunen blir begunstiga på en slik måte at det ikke framkommer noe overskudd som kan danne grunnlag for beskatning. I tillegg mener vi at husbankrenta må senkes, som et middel for å gjøre det lettere for folk å bygge hus. Kommunen vil ikke akseptere at de økonomiske problemene kommunen er kommet i skal løses ved å pålegge kommunens innbyggere ytterligere økonomisk belastning."

* Det vart fatta vedtak om å selje kommunale husvere. RV gjekk under tvil ikkje imot dette, men gjorde framlegg om at ingen måtte bli pressa til å kjøpe, eller pressa frå husveret fordi andre ville kjøpe det.
- forkasta mot 1 st..

* gjorde framlegg om å støtte Odda kommunale forening når det galdt mannskapsplan for teknisk etat

-forkasta mot 8 st.

6. DESEMBER

* gjorde framlegg om å senke skatteøret (skatteprosenten) for kommuneskatten til 12. Dette vart forkasta mot 1 st. Resten gjekk inn for den maksimale grensa (14 %).

29. DESEMBER - BUDSJETTMOETE

RV gjorde følgjande forslag til budsjettet: (Der ikkje anna er presisert var RV aleine om å røyste for framlegga.)

* alle etatsjefar og toppfunksjonærar skal lønnast etter tariff.

* ordføraren skal lønnast med ei gjennomsnittleg industriarbeidarlønn.

* ingen skattepengar til politiske parti.

* inga auke av husleiger og kommunale avgifter.

* fløire ungdomsklubbar, tilsetje 2 ungdomsleiarar

* redusere dagheimsbetalinga med 25 % i året t8il dei har blitt gratis. Dekke behovet for barnéhagar og dagheims plassar i løpet av 4 år.

* tilsetje fleire handverkarar på kommunen. Gjere slutt på den den utstrakte bruken av mellombels tilsette som kan seiast opp utan vidare.
- forkasta mot 2 st..

* gjeninnføre gratis veg, vatn og kloakk til byggefelt.

* summen til vedlikehald av kommunale leigegårdar hevast til det Eigeomsstyret sjølv hadde kravd.

* mot forverring av skuletilbodet - vedtatt oversendt formannskapet

* oppseing av seks kommunetilsette måtte trekkast attende - forkasta mot 7 st.

* RV var aleine om å røyste mot å vedta budsjettet med så mange avgiftsauker m.m. Sjø kapitlet om SV og deira haldning til dette budsjettet, side 29 .

* Interpellasjon om Dahl-saka. RV kravde på nytt at informasjon måtte leggst fram for kommunestyret. Eit forslag om å reise tiltale mot Dahl vart vedtatt oversendt formannskapet.

1977:

26. JANUAR

* husleigene på Kvitavoll (pensjonisthus) måtte ikkje overstige 250 kr. i månaden. RV var aleine om å røyste for dette. Resten gjekk ønn for ei husleige på over det dobbelte.

* Foreslo at vanskelegstilte skulle få svært gunstige vilkår dersom dei ønskte å kjøpe kommunalt hus. 50 % av kjøpesummen som lån til 5% rente og nedbetaling 15 år. Resten av kjøpesummen kunne det søkjast kommunal garanti for.

- forkasta mot 1 st..

* Interpellasjon om bruken av leigde folk. RV protesterte mot at ordføraren karakteriserte folk som hadde arbeid på kommunen i fleire år samanhengande for ferieavløysar. RV ville vite kvifor kommunen heller leigde folk av andre firma.

* Interpellasjon om husleigeauken som var gjennomført. RV protesterte mot at ein skilde hadde fått større auke enn kommunestyret hadde vedtatt. Pensjonistar i Tyssedal hadde t.d. fått heile 48 % i auke. Vedtaket lydde på 30 %.

Det vart elles i interpellasjonen etterlyst dokumentasjon av påstanden om at husleigene i kommunale hus vart subsidiert av skattepengane.

Ordføraren greidd å hindre debatt om desse brennande sakene.

30. MARS

* Med 22 mot 19 stemmer vart det vedtatt at tidlegare DNA-formann og sosialsjef Kjell Dahl skulle saksøkjast av kommunen. DNA utgjorde mindretalet så og seie "en bloc". Mot RV's stemme vart det avslått å informere kommunestyret om detaljane i saka.

* Kampen for arbeidsplassane ved Odda Konfeksjon, sjå omtale side 11

* Interpellasjon om dei uverdige tilhøva som framandarbeidarane bur under på Gamle Oddaveg i Tyssedal. Det einaste svaret ordføraren gav var at "i følgje DNN hadde tyrkarane aldri klaga". Men andre ord hadde ordføraren ikkje ein gong prøvd å sette seg inn i buforholda deira.

* Interpellasjon om tilsetjinga av Stensland, sjå omtale side 10 :

4. MAI

* foreslo at 1. byggesteg av eit forprosjekt for oppussing av Tyssedal skole skulle påbyrjast i 1978.

- forkasta mot 2 st.

(Seinare har arbeidstilsynet gripe inn og pålagt kommunen å utbetre lærarrommet)

* RV foreslo å avvise eit framlegg til nye avgiftsauker. Interessant å registrere at SV nå omsider slår følgje med RV mot forverringar. Forslaget fekk derfor 9 st. Vedtatt vart følgjande aukingar: Renovasjon + 50%, Kloakk +50%, Vatn +25%.

* Interpellasjon om diskrimineringa av Fagleg 1. mai front som hadde fått avslag på søknad om å få nytte Rådhusplassen.

15. JUNI

Til dette møtet hadde RV førebudd tre interpellasjonar.

* den første retta seg imot eit avslag administrasjonen hadde gitt på søknad om å få nytte Rådhusplassen 17. mai

* den andre kritiserte at den kommunale kinodrifta i Odda vart nytta til å spreie rasistisk propaganda med å setje opp filmen "Seier i Entebbe"

* Den siste konkluderte med følgjande framlegg: "Kommunestyret vedtar at det skal igangsettes daghjemdrift i Tyssedal fra skoleårets begynnelse i august 1977". Interpellasjonen viste til den solide oppslutninga kravet om barnehage i Tyssedal

hadde fått. Underkriftsaksjon med over 100 underskrifter, fråsegner frå fagfor-eningar o.l. Ordføraren kunne ikkje som tid-legare avvise at det eksisterte eit behov. Forslaget til RV fekk berre 2 st. Ein god del Tyssedøler stemte med andre ord imot!

31. AUGUST

* RV gjekk hardt ut mot forslaget om kris-ten formålsparagraf i barnehagane. Det vart likevel vedtatt mot 16 st. Maria Seim Hagen (RV) og Malvin Eikemo (DNA) vekte oppsikt då dei begge gjekk inn for kristen formåls-paragraf med grunngjevinga at RV gjekk mot!

* RV gjekk imot to oppjusteringar. Den ei-ne var at kommunekasseraren skulle få lønns-trinn 23, mens han etter hovedoverenskom-sten maksimalt kunne oppnå 22. Den andre og grovaste var personalsekretær Espe Kvestad som skulle gå over på "konsulent"lønn. Det-te ville sikre eit hopp på fire lønnstrinn i ein jafs. Han ville få ein auke i årsinn-tekta på ca. 20 000, eller knapt 2000 i månaden i RV fekk 5 st. for forslaget sitt, SV delte seg.

* Interpellasjon om skysssproblem for forel-dre i Tyssedal som hadde barnehageplass i Odda. RV viste til at kommunen hadde avvist

kravet om barnehage i Tyssedal denne haus-ten utan å gjere noko med skysssproble ma. Meinste ordføraren at 2 års gamle barn skul-le reise med buss til Odda ? Ordføraren avviste spørsmålet om kommunal skysssordning utover skulebusstilbodet. An-ten måtte foreldra sjøive følgje barna, el-ler dei måtte få nokon av skulebarna til å hjelpe seg.

* Interpellasjon om den mest diskuterte saka i Odda på det tidspunktet,
- sjå neste side.

28. SEPTEMBER

Under handsaminga av langtidsbudsjettet fremma RV følgjande forslag:

* målsettinga måtte vere gratis dagheim til alle barn, og at administrasjonen måtte planlegge ut frå dette.

- forkasta mot 8 st.

* etablering av fleire ungdomsklubbar, og oppussing av ungdomsklubben i Odda som i lengre tid hadde vore stengt.

- forkasta mot 1 st.

* opprusting av idrettsplassen i Tyssedal med grasbane, tribuneanlegg og betre garde-robeforhold
-forkasta mot 8 st.

INTERPELLASJON OM FOLKVORD-SAKA (31. AUGUST 1977)

1. Hva er grunnen til at lærer Kjell Folkvord ikke blei tilsatt ved tilsettinga i juli?
2. Vil ordføreren bidra til at yrkesforbudet mot Folkvord blir oppheva, og at han blir tilsatt i stillingen som fast vikar ved Odda ungdomsskole?"

Ordføreren ga uttrykk for at interpellasjonen var kommunestyret uvedkommende. Vidar Våde fikk ordet til kommentar og stilte i det høve slikt forslag:

"Odda kommunestyre innskjerper overfor organer med tilsettende myndighet i kommunen at bare faglige og ansiennitetsmessige vurderinger skal gjøres ved tilsettinger. Søkernes politiske syn skal ikke trekkes inn ved tilsettinger. Hverken i positiv eller negativ retning."

Kommunestyret avviste forslaget.

Avisingsforslaget frå ordføreren vart eit regelrett kupp. Faren var nemleg stor for at det kunne bli debatt om saka. Denne debatten ville ha gitt eit anna bilete enn skulestyret. Både kommunestyrerepresentantar frå Venstre og KrF i kommunestyret hadde eit anna syn enn partifellane sine i skulestyret. I det heile DNA hadde ingenting å vinne på ein debatt, tvert imot. Legg merke til at det ikkje er oppgitt noko stemmetal for avisingsforslaget. Det vart ikkje brukt tid på å telje opp ein gong i

- * fullføre badedammen i Tyssedal med renseanlegg, garderobe og park
 - forkasta mot 3 st.
- * forslag om at dei kommunale avgiftene skulle "frysast" for budsjettperioden, 5 år.
 - forkasta mot 1 st.
- * auke antalet handverkarar og utarbeidarar slik at kommunen greidde oppgåvene sine
 - forkasta mot 10 st.
- * kommunale husvere som leigebuarar framleis ønskjer å leige skal ikkje seljast.
 - forkasta mot 9 st.

26. OKTOBER

- * forslag om løyvingar til oppussing av ungdomssklubben i Odda
 - forkasta mot 1 st.
 - * Interpellasjon om Wenche Dagestad-saka. forslag om at det på budsjettet for neste år måtte setjast av midlar til oppføring av eit hybelhus for dei mange vanskelegstilte, spesielt blant einslege mødre i Odda.
 - forslaget avvist.
- Sjå omtale av Wenche-saka side .

23. NOVEMBER- BUDSJETT MØTE

I tillegg til RV's "faste" forslag om å senke lønna til ordføraren og dei som får over tariff, samt mot alle avgiftsauker m.m.,

fremma vi følgjande forslag:

- * førebu ei ordning som sikra alle innbyggjarane i kommunen regelmessig legeundersøking.
 - forkasta mot 9 st.
 - * barnehagen i Tyssedal klar til drift innan mars 1978.
 - oversendt form.skap.
 - * løyvingar til kyrjer skal avgrensast til utgifter som har med gravferder, bryllaup o.l. å gjere
 - forkasta mot 3 st.
 - * midlertidig ungdomsklubb i dei gamle lokala til Hardanger Folkeblad, inntil oppussinga på Torget var ferdig.
 - forkasta mot 1 st.
 - * kravde framlagt eit spesifisert oversyn over driftsrekneskapen for leigegårdane, som kunne dokumentere påstanden om at husleigene var så låge at dei måtte subsidierast
 - forkasta mot 7 st.
 - * E-verksjefen måtte betale rekningsssvarande husleig.
 - forkasta mot 10 st.
- Sjå elles side 13.

1978:

18. JANUAR

- * RV fremma følgjande forslag om DNN-saka:
 - "1. Kommunestyret vil kritisere regjeringa for at det drives uthalingspolitikk med å innfri garantien om arbeidsplass-

ene i Tyssedal. Vi krever derfor at regjeringen kommer med et konkret forslag som innfrir denne garantien.

2. Vi vil oppløse Tyssedalsutvalget, som en protest mot regjeringa, og oppfordre arbeiderne på DNN Aluminium A/S om å ta den direkte ledelsen i kampen.

3. Kommunestyret vil gi denne kampen sin fulle støtte."

-forkasta mot 1 st.

Deretter vart følgjande vedtak gjort:

1. Kommunestyret viser til sitt vedtak av 25/9-74, sak nr. 143, og vil støtte realistiske planer som viser at det er teknisk, økonomisk og miljømessig forsvarlig å bygge et nytt aluminiumsverk i Tyssedal.

2. Kommunestyret slutter opp om det arbeid DNN-Tyssedalsutvalget har utført til nå, og gir sine medlemmer i utvalget i oppdrag å arbeide vidare med saken.

Første punkt vart samrøystes. Andre punkt vedtatt mot 3 st. (medrekna RV).

25. JANUAR

* foreslo at tilfluksromutvalet som vart oppnemnt på dette møtet skulle legge fram ein rapport om stoda og forslag til tiltak.

- forkasta mot 1 st.

* Interpellasjon om det innførte danseforbudet i Tyssedal Samfunnshus. Fremma følgjande forslag: "Kommunestyret pålegger sin representant i styret for A/S Samfunnshus å gå inn for å oppheve danseforbudet."

- forkasta mot 8 st.

8. MARS

* foreslo at personalreglementet måtte vere i samsvar med den nye arbeidsmiljølova.

- forkasta mot 8 st.

* RV gjekk imot at kommunen skulle selje eit hus til Martin Melkeråen som leigebruarane i huset sjølve var interessert i å kjøpe. RV foreslo som motforslag til innstillinga at leigebruarane skulle få kjøpe huset.

- forkasta mot 2 st.

* Interpellasjon om innskrenkingane på Hovland Ullvarefabrikk. RV spurte kvá ordføraren kunne tenke seg å gjere for å unngå at dei omlag 25 oppsagt ved ullvarefabrikken skulle bli arbeidsledige. (Dei aller fleste av dei oppsagte tilhørte Odda kommune.) Ordføraren viste til arbeidskontoret i svaret sitt.

19. APRIL

* Siger i Wenche-saka, sjå side 9 .

* Interpellasjon om problemet med danselokale i Odda. Framlegg om at Fagforeningssalen skulle nyttast meir som danselokale vart vedtatt oversendt formannskapet.

31. MAI

* Interpellasjon om formannskapet sitt vedtak om "advarsel til venstre-estremistene", sjå faksimile frå H.F.

Vedtaket vart fatta på eit ekstraordinært formannskapsmøte, som vart hælde umiddelbart etter at DNA-leiinga hadde lidd nederlag i Wenche-saka. Sinna var visseleg i kok, og det var klart for alle som ville sjå at DNA-leiinga også var i ferd med å tape Folkvordsaka. Berre meir maktmisbruk kunne eventuelt framleis hælde han utæfor lærarjobb. Den desperate situasjonen som m.a. desse faktorane stilte DNA-leiinga i, kan forklare språkbruken og insinuasjonane i vedtaket, men det er sjølv sagt ikkje noko forsvar.

Og det er i alle fall ikkje noko forsvar for andre parti, kanskje aller minst SV. At SV reservasjonslaust stør eit vedtak som dette er grovt avslørande. Som ein del også vil hugse torte ikkje SV anna enn å gi sin fulle tillit til skulesjefen i skulestyret heller, sjølv om dei i varsame ordelag sa seg usamd i at Kjell Folkvord ikkje var blitt tilsett.

Odda formannskap retter kraftig advarsel til venstre-ekstremistene —

Odda formannskap vedtok onsdag kveld en uttalelse rettet mot AKP(m-l) og dens underorganisasjoner i Odda. Vedtaket må oppfattes som en kraftig advarsel til de grupper i lokalsamfunnet som nå synes å drive en rene personhets mot enkeltpersoner innenfor administrasjonen.

Foranledningen til vedtaket er et skriv fra skulesjefen i Odda. I skrevet, som er stilet til skulestyret, forteller skulesjefen at han daglig mottar resolusjoner, løpesedler og beskyldninger. En strøm av usannheter som etterhvert er blitt en så stor personlig belastning at det går på helsa løs. Hvis ikke lokalbefolkningen og de politiske partier nå reagerer, finner han sin situasjon som leder for skoleverket i Odda ubehagelig.

Formannskapet, som ble sammenkalt etter kommunestyrets møte onsdag kveld, fattet dette enstemmige vedtaket. Formannskapet uttaler sin fulle tillit til skulesjefen i skulestyret heller, sjølv om dei i varsame ordelag sa seg usamd i at Kjell Folkvord ikkje var blitt tilsett.

AKP(m-l) og dens underorganisasjoner.

Det er Arbeiderpartiet, Venstre, Kristallg Folkparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti som er representert i formannskapet.

— Vi kan ikke gå ut til offentligheten hver gang vi utsettes for press i en eller annen retning, sier kontorsjef Ulf Seter i en kommentar til vedtaket. Men en føler vel nå at toleransgrensen er nådd. Det er en rekke usannheter og direkte tendemisse påstander som er ute og går, og jeg tror nok at tilmodigheten hos politikerne i Odda nå er slutt.

— Den er slutt, sier ordfører Einar Tveit. Når ekstremistgruppen går løs på enkeltpersoner i lokalsamfunnet, kan vi ikke lenger forholde oss rolige. Tjenestemenn utsettes for den rene hets.

— Vil Arbeiderpartiet foreta seg noe i denne saken?

— Det er helt klart at også Odda herreds Arbeiderparti vil reagere, og det er allerede innkalt til et møte.

Hardanger Folkeblad

* Interpellasjon som kritiserte at kommuneleiinga hadde samtykka i at ei spekulativ salsmesse hadde fått opne messa på 17. mai.

20. JUNI

* Gong etter gong hadde RV protestert imot at fristen for utsending av dokument ikkje vart halden. Framfor dette møtet hadde det vore spesielt ille. RV foreslo derfor møtet utsett. Dersom det ikkje vart vedtatt ville RV forlate møtet i protest og for å aksjonere mot undergravinga av reglementet. Utsetjingsforslaget vart forkasta mot 1 st. Vidar Våde forlet møtet og RV protesterte til fylkesmannen. Dette har ført til ei viss betring.

27. SEPTEMBER

* RV foreslo å gå inn for modernisering og opprustning av Hardangerbana.

- Oversendt form. skap.

* Interpellasjon for å få klarlagt om kommunen hadde planar om å permittere for å spare pengar, noko kontorsjefen hadde uttalt i eit intervju med Haugesunds Avis.

I svaret sitt freista ordføraren å nekte for at det var slike planar. Derimot gjekk kontorsjefen sjølv på talarstolen og stadfesta dette.

- Eg synest Raud Valallianse har krav på svar på spørsmålet sitt om eventuelle innskrenkningar av dagheimsdrifta, sa kontorsjef Sæther i slutten av debatten kring ein interpellasjon frå Raud Valallianse i Odda kommunestyre sist onsdag.

- Ryktene om nedskjeringar på dagheimsdrifta som Vidar Våde har høyrte, er rett. Eg har såleis orientert arbeids- og miljøutvalet om at eg på neste års budsjett har lagt opp til å tilby foreldre å overta drifta av dagheimane sjøl, sa Sæther.

Med dette lyfte Sæther ein flik av sløret som framleis ligg over det hardaste krisebudsjettet si-

dan krigen i Odda kommune. Svaret frå Sæther kom som en sensasjon og rett etter at ordføraren først hadde nekta for at det pr. i dag fanst planar om innskrenkningar på dagheimsdrifta. Kontorsjefen kunne også stadfeste at det i planane også kunne bli aktuelt å seie opp praktikantane ved dagheimane. Bakgrunnen for interpellasjonen var at kontorsjef Sæter i eit avisoppslag hadde uttalt at det snart kunne bli aktuelt å permittere arbeidere i kommunen som fylgje av at kommunen ville ta pe ca. 3 millionar kroner i og med forbodet mot å auke kommunale avgifter. Samstundes

KLASSEKAMPEN — lørdag 30. september 1978

8. NOVEMBER

* Då RV forlangte ordet til punktet om meldingar, (det var for å kommentere eit brev som kommunestyret hadde fått om Folkvord-saka) nekta ordføraren å gi Våde ordet! RV protesterte overfor fylkesmannen, og fekk etter ei stund fullt medhald.

* foreslo at bussterminalen ikkje skulle byggast nå.

13. DESEMBER- BUDSJETTMØTE

Også denne gongen tok vi opp att ein god del avforslaga frå dei to førre åra. I tillegg til dette fremma vi følgjande forslag:

* klassedelinga ved Tyssedal skole (ein klasse for kvart årssteg) må oppretthaldast.

- forkasta mot 10 st.

* mannskapet i barnehagane skulle ikkje redusast. Dvs. at på kvar avdeling skulle det

vere 1 førskulelærer, 1 assistent og 1 praktikant.
- forkasta mot 9 st.

* I tillegg reiste RV eit vedtaksframlegg som retta seg mot statens undergraving av den kommunale økonomien.

Sjå omtale side 7 .

1979:

7. MARS

* gjorde framlegg om ei undersøking som skulle gi svar på korleis stoda var for ungdom utan utdanning eller arbeid. Spesielt skulle ein undersøke behovet for ein uteseksjon.

- forkasta mot 11 st.

* Interpellasjon om abortsituasjonen i Indre Hardanger. RV fremma eit forslagt til vedtak som retta seg imot fylkesutvalet, som hadde sperre for å utlyse spesielt etter folk som var villige til å utføre abort. Forslaget kravde at fylkesmyndighetene sørga for at det skulle bli utført abort ved fylkes-sjukehuset i Odda som ei permanent ordning. Forslaget vart i første omgang oversendt formannskapet, men kom opp til handsaming på neste kommunestyremøte. (Sjå nedafor.)

4. APRIL

* Formannskapet hadde redusert RV's fyl-dige og klart-talende framlegg om abortsi-tuasjonen til ei kort oppmoding til fylkes-nemnda om å vurdere saka på nytt. All den tid framlegget tross alt var positivt gjekk vi inn for det, men som tilleggsforslag vil-le vi ha vedtatt at helsedirektorat og so-sialdepartement skulle informerast om saka. Tilleggsforslaget vart forkasta mot 12 st.

* RV gjekk inn for bruks- og verneplan for Hardangervidda, - ikkje nasjonalpark. Grun-gjevinga for dette er svært kort framstilt at skilnaden mellom dei to alternativa var liten i praksis. (Det har blitt ei presti-sjesak, først og fremst for regjeringa.) Men ved ein bruks- og verneplan får fylkes-styresmaktene meir å seie, Ved nasjonalpark får sentralstyresmaktene meir avgjerdsrett.

15. MAI

* Følgjande forslag frå RV om DNN-saka vart samrøystes vedtatt oversendt til formannskapet:

" Odda kommunestyre går bestemt imot at krafta føres ut av kommunen, og mener at den eneste akseptable løsningen er at krafta blir nytta i Tyssedal til en ny aluminiumsbedrift."

* Interpellasjon om sjukebilkøyninga i Odda som administrasjonen hadde tilbydd at drosjesjåførane skulle få overta frå brannvakta. Målet var å få redusert mannskapsstyrken på brannvakta frå 12 til 9 mann. Her er RV's spørsmål :

1. Med bakgrunn i hvilket vedtak i kommunestyre eller formannskap er det administrasjonen har gått ut med et konkret tilbud til drosjesjåførene om overtakelse av ambulanseskøyninga?
2. Er ordføreren enig i at det er sterkt krittikverdig at en omorganisering av kommunens arbeidstakere blir planlagt og forsøkt gjennomført uten at de det i første rekke gjelder blir informert eller får anledning til å uttale seg?

3. Mener ordføreren det kan forsvares å innføre en langt dårligere ambulanseordning bare for å oppnå en mindre budsjettsparing?

Som svar på det første spørsmålet viste ordføreren til eit vedtak som kommunestyret aldri har fatta. Til tross for at protokollen viser dette klart, har formannskapet nå vedtatt at kommunestyret i desember i fjor fatta eit vedtak om å førebu omorganisering. RV har bedt fylkesmannen sjå på denne saka.

* RV kritiserte at det tok så langt tid før spørsmålet om legemangelen i Odda vart drøfta, - ei sak RV også tidlegare hadde etterlyst.

13. JUNI

* Forslaget frå RV om DNN-saka i det første møtet, førte ikkje til noko debatt. Dette var ikkje RV nøgd med. Etter at den siste utgreiinga om nytt al-verk i Tyssedal nå var framlagt, var det stor aktivitet i denne saka på fleire plan. RV meinte det var heilt på sin plass at kommunestyret engasjerte seg i ei sak som hadde med 400 av arbeidsplassane i kommunen å gjere. RV fremma derfor følgjande to forslag:

For å få bredest mulig enhet i kommunen for sikring av krafta, bygging av ny aluminiumfabrikk og sikring av alle arbeidsplassene, vil Red Valalliansen fremme følgende forslag på møtet i kveld:

Kommunestyret utpeker et utvalg bestående av formannene/parlamentariske ledere i alle partiene i kommunestyret. Disse skal legge fram et forslag til innstilling i DNN-saken som reiser til debatt i kommunestyret innen utgangen av august.

Det andre forslaget RV stiller er følgende: «Kommunestyret vil hevde at det ikke er noen forutsetning for regjeringsgarantien at krafta skal føres ut av Tyssedal slik statssekretær Engel-Olsen uttalte til Hardanger Folkeblad 11. juni. Hvis Engel-Olsen etter innse med dokumenter som kommunestyret ikke kjenner til, bør vi om at de blir offentliggjort.»

KLASSEKAMPEN —
onsdag 13. juni 1979,

Forslaga vart forkasta mot to stemmer. For SV-møtte m.a. Kjell Johannesen, styremedlem i avdeling 44. Han tok ikkje ordet til debatten, røysta berre imot.

25. juni kjem det så ei fråsegn frå tillitsmannsutvalet ved avd. 44. Denne avviser forslaget om "redaksjonskomité" med følgjande.

Tillitsmannsutvalet har på det skarpeste avstand fra dette forsøk på å sette fagforeninga utenfor i en sak som i første rekke angår dem. Vi har ingen tro på med den sammensetning kommunestyret har, at et

slik utvalg vil være mer kompetent til å løse denne saken enn det fag/politiske utvalg vi allerede har.
Elektrikerkjemist Arb. Forening avd. 44.
NRIF
John Anderson.

Dette er ein underleg reaksjon frå tillitsmannsutvalet si side. Det kan verke som om fråsegnerna er partipolitisk motivert. Finst det nokon sakleg grunn for å påstå at RV med

sitt forslag ville freiste å setje fagforeninga utanfor? Det RV's forslag var meint å skulle oppnå var ei mest mogeleg samstemmig fråsegn frå kommunestyret som støtta kravet om eit nytt al-verk i Tyssedal. Det undrar oss om ikkje tillitsmannsutvalet ville ha helst eit slikt vedtak velkome: DNN-saka er inne i ein viktig fase. Jo fleire som stør kravet om nytt al-verk jo betre. Og fagforeninga ved DNN, som denne saka i første rekke vedkjem, må igjen gå i spissen for kampen slik som i 1974.

* Interpellasjon om yrkesforbodet ved Norzink. Sjå faksimile frå "Hardanger".



Odda kommunestyre ønskjer ikkje å blanda seg opp i saker der hjerne-stensverksmedene i kommunen nektar tilsejing av folk utan at grunnleggjings er gjeven til kjemne. Dette er konsidasjonen som kan trekjast etter at det på kommunestyremøtet

onsdag vart reist ein interpellasjon om tilsejingsasaka ved Norzink, der to arbeidskraftarar vart nekta arbeid endå det er stor mangel på arbeidskraft. Det var Vidar Våde frå Rand Valalliansen som reiste interpellasjonen. Han ville for det fyrte ha

svar frå ordføraren på tre spørsmål:

1. Er ordføraren samd i at retten til arbeid og retten til gjelv å velje arbeidsplass er viktige rettar som må forvarast? 2. Er ordføraren samd i at meiningar og politiske oppfatningar ikkje må vera til hinder for å verta tilsett? 3. Kjemmer ordføraren til saker som er av eit slikt slag at dei to ikkje bør tilsetjast?

Våde ønskte vidare at kommunestyret skulle sette lygjande framlegg: «Odda kommunestyre

meiner retten til arbeid, og retten til gjelv å velje arbeidsplass, må forvarast. Meiningar eller politiske oppfatningar skal ikkje vera til hinder for å verta tilsett. Fagleg og politisk uenigje bør løysast i fagrettslege utan innblanding frå leiinga av verkstada. Om leiinga ved Norzink sittar med viktige opplysningar som kan leggast til grunn med tilsejing, bed me om at desse vert lagt fram, slik Bjørn Vikse og Flemming Nielsen ønskjer. Inntil då kan ikkje kommunestyret sjå noko som er til hinder for at det to vert tilsett.

Ordførar Einar Tveit (Ap) svarer ja på fyrste spørsmålet om at han er samd i at retten til arbeid og til gjelv å velje arbeidsplass er viktige. Likevel kan han med avvisning framlegg, og det han og mange andre meiner, var

DEI ANDRE PARTIA

bringjer vi ein kort omtale

På denne og følgjande sider
og vurdering av dei andre partia.

*

DNA

I 1975-programmet sa vi om DNA at det var eit "borgarleg høgreparti" og at kjennetøiknet på politikken deira "er en ubrytelig lojalitet for den sentrale DNA-leiinga".

Vi meiner at dette stort sett har slått til. Som det dominerande partiet i kommune-styre i perioden må DNA ta ansvaret for t.d. den forverringspolitikken som har blitt ført. Partiet har konsekvent stilt seg i forsvar for regjeringa, og forsvart statens under-graving av kommunen sin økonomi.

Også det vi sa om lokal korrupsjon og privilegie til folk med "boka i orden" o.l. har slått til med fleire døme. Dahl-saka er truleg slik sett eit av dei svartaste kapitula i den lokale partihistoria. Stensland-saka er frå DNA si side sett, berre framhald av gamle tradisjonar.

Ved fleire høve har ordføraren nekta RV å seie meininga si kommunestyret, har til og med fått kritikk frå fylkesmannen for dette.

Partiet har eit av dei klaraste yrkesforboda i heile landet på samvitet, men fekk seg også her ein alvorleg smekk.

Det å kalle seg "arbeidarparti" har aldri vore meir misvisande. Korleis er det partiet i perioden har oppført seg mot svake, einselege? Korleis er det partiet i ei krisetid har stilt seg? Har dei vore opptatt av å skåne folk mot overgrep frå kapitalen? Nei, tvert imot: Dei har oppført seg som eit borgarleg høgreparti i eitt og alt!

Det som gjer at DNA på tross av politikken sin får såpass stor oppslutning er det organisatoriske og ikkje minst økonomiske sambandet partiet har med fagrørsla. Den aukande splitten som oppstår her, er derfor viktig. I sak etter sak har DNA lokalt stilt seg imot dei fagorganiserte. Det er nok å nemne 1.mai i år.

Ingenting tyder på at DNA har tenkt å legge om kursen i komande periode. Stensland er neppe nokon fordel i høve til Tveit, og det

vert ikkje bygd ny barneskule på Bakka i kommande periode heller sjølv om DNA skulle love det på nytt slik som i 1975.

Kort sagt alle veit kva slag politikk DNA kjem til å føre, det skulle derfor ikkje vere nokon fornuftig grunn til å stemme på det partiet.

SV, (det nest største partiet)

Etter valet i 75 vart SV det nest største partiet i kommunestyret. Dei kom inn med 2 representantar i formannskapet, og har elles vore representert i alle utval dei vilje: finansutval, bygningsråd, eigedomsstyre, likningsnemnd, lønns- og personalutval, sosialstyre, teknisk utval for å nemne ein del av det viktigaste.

Med dette fekk partiet eit ideellt utgangspunkt for arbeidet i perioden. På denne måten har partiet alltid vore godt informert på eit tidleg tidspunkt. Muligheten for å avsløre taskenspel har vore mange og store. Og framfor alt: SV har hatt eit einestående høve til å stille seg i spissen for den forsvarskampen arbeidsfolk i perioden har ført mot forverringane.

Korleis har partiet utnytta mulighetene? Her er nokre saker:

* SV gjekk saman med resten av formannskapet i samråd med budsjettet for 1977 inn for dei kraftigaste avgiftsaukene i manas minne

* SV gjekk i formannskapet inn for at Wenche Dagestad skulle tiltalast.

* SV har i formannskap og fleire nemnder og utval vore med på å halda hermeleg planar om at folk kan misse arbeidet: Odda Konfeksjon, omorganisering i kommunen. (Denne siste saka vert RV nekta opplysningar om til etter valet, mens Finn Håndegård i heile 1979 har vore med å leggje opp til ein kraftig omkalfatring og nekter å informere om kva dei legg opp til.)

* SV har stemt for ordførarlønna, samt at visse framstående folk i kommunen skal få meir enn tariff.

I den kronologiske oversikta (side) vil ein i tillegg finne ei rekke saker som SV har stemt imot.

Kva slag saker har SV tatt initiativ til og reist ?

Kva slag saker er det SV sjølv har reist? Dette er eit viktig spørsmål. I svært mange spørsmål har SV støtta DNA's forslag. I ein del saker har SV støtta RV's forslag.

Men når det gjeld saker som SV sjølv har reist er det uråd å finne nokon klar og sjølvstendig profil. Med andre ord har ikkje SV representert noko politisk alternativ men stor sett vingla mellom andre parti.

Gong etter gong i perioden har SV blitt utfordra til politiske duellar. Til denne^ tid har dei ikkje stilt opp, knapt nok svart på spørsmål i avisa. Det er ikkje utan grunn dei har fått ord på seg for å vere "Oddas red-daste parti".



◀ To av dei mest sentrale i å utvikle SV's "profil", Finn Handegård og John Andersson.

Formannen i SVU på landsbasis sa ja til å kome. John Andersson nekta han å stille opp og møte Steigan i Odda.

DEBATTMØTE OM		
UTVIKLINGA I KINA		
?	Tysdag 13. mars kl. 19.00 Rådhuset 4. etg.	
	Alle velkomne Entre kr. 10,-	
?? SV	Arr. RV	PÅL STEIGAN, AKP(mi)

Høgre/Sp

Høgre ser ved dette valet sin historiske sjanse til å kome inn i ordførarposisjonen. Ringen har derfor i det siste vore svært aggressiv i angrepa på DNA.

Men kva er kritikken ?

Jau, at DNA ikkje har gått mykje hardare til verks med den økonomiske innstramma. Dersom Høgre får meir makt i kommunestyret kjem dette ikkje til å slå positivt ut for vanlege folk.

Kritikken som Høgre nå rettar mot DNA har også det formålet at han skal dekke til at Høgre sjølv har svin på skogen. I langt dei fleste sakene har DNA og Høgre stått saman. Dei har utgjort ein "storkoalisjon" og har m.a. følgjande saker som dei må dele ansvar for:

- * avgiftsauken på veg, vath og kloakk
- * husleigeauken i kommunale husvere
- * hevinga av satsane i barnehagane
- * millionløyvingane til KV
- * topplønningane til visse etatsjefar i kommunen.



Per Kristian Ringen

Også bygginga av busstasjonen på Almerket har dei to partia stått saman om. Nett nå i det siste har Ringen funne det naudsynleg av valtaktiske grunnar å kritisere at prosjektet ikkje er sjølvfinansierende. Poenget er at Høgre som i heile perioden har vore så sentralt plassert i formannskap, finansutval osv. ikkje kan kome på denne måten å påstå at dei har blitt lurt.

Høgre har til og med støtta DNA i deira strev for å unngå at staten blir kritisert for sin økonomiske undergravingspolitikk. Høgre har derfor berre ei einaste løysing på kommunen si økonomiske krise: auke avgiftene og skjære maksimalt ned over alt !

For denne politikken bør dei ikkje få mange stemmer frå arbeidsfolk.

NKP, eit kort (og trist)

kapittel

NKP har utan tvil vore det mest anonyme partiet i kommunestyret. I nokre få saker har partiet støtta DNA mot SV, men i hovudsak har NKP vingla saman med SV-gruppa. Til denne tid har ikkje partiet fremma eit einaste forslag, eller tatt ordet til noko sak.

Venstre, DnF og KrF



Birger Tomasgard

Venstre og Birger Tomasgard har vore blant dei flittige på talarstolen. I ein del mindre einskildsaker har Venstre støtta rette standpunkt. Tomasgard har i mindre utstrekning enn andre vore redd for å støtte framlegg frå RV dersom han har vore samd i dei.

Men som medlem av formannskapet er det ganske mange tvilsame innstillingar Venstre må dele ansvar for. Tomasgard har dessutan støtta DNA i skulebygg-saka.

DnF og Eiliv Eitrheim

har vore ein av DNA,s mest trufaste støttespelarar.

KrF

har på liknande vis dilta i hælane på Høgre. Har utmerka seg ved å kjempe gjennom den religiøse tvangstrøya i barnehagane, samt røysta imot abort i Odde.

RV- NOKRE AV FEILA

NYBYRJARFEIL

Å arbeide i kommunestyret er eit eige "Handverk" som må lærast. Først når ein kjenner faget skikkeleg greier ein å utnytte skikkeleg dei mulighetene som ligg i det på rette måten.

Spesielt den første tida ber sterkt preg av at dette var noko nytt for oss. Vi hadde omlag ikkje følgt med i det som hadde skjedd i kommunestyret før vi kom med. Vi sleit derfor mykje med dei første saksakta, og hadde ordet til nær sagt kvar einaste sak.

Etterkvart fekk vi større trening med å plukke ut dei viktigaste sakene og arbeide mest med dei.

Ei viktig "oppdaging" var interpellasjonsretten. Dette er einaste måten ein representant har til å reise aktuelle saker i kommunestyret.

Feil som vi må rette opp .

RV har heilt sikkert gjort ein del feil som vi ennå ikkje har blitt klar over. Blønt einskildstandpunkta meiner vi det var

feil å ikkje gå imot bygginga av den nye "millionparken" på Almerket når det er så lite pengar i kassa. Når feilen gjekk opp for oss gjorde vi framlegg om at arbeidet vart stoppa, og at såvel pengar som arbeidskraft vart nytta til viktigare prosjekt.

Når dette kapittelet ikkje i hovudsak er ei opprømsing av einskilde saker og feil, er det fordi vi meiner dei viktigaste feila ikkje er av denne karakter. Dei har meir med holdning til arbeidet og organisering å gjøre. Vi ber om kritikk, både når det gjeld einskildsaker og når det gjeld anna. Sjølv vil vi trekke fram følgjande:

Meir og betre kontakt med folk

1) RV har ikkje greidd å kontakte folk i stor nok utstrekning. Å snakke med dei som sakene direkte vedkjem er den beste måten å undersøke på. For få har drive med RV-arbeid til at vi har greidd å gjennomføre dette.

RV har heller ikkje lagt forholda til rettes for at folk skal kunna ta kontakt med oss. Om vi ikkje stiller så høgt at vi greier å ha eit kontor, så må vi i det minste ha ei adresse og eit telefonnummer. Dette er nå retta på.

For lite informasjon

2) RV har ikkje greidd å informere godt nok om det som går føre seg i kommunestyret. Det er ikkje alltid at avisene får fram det viktigaste. Avsløringssaker vantar ofte avisene lokalt mot til å skrive om. Målet vårt er å få i gang ein slags bulletin som interesserte kan abonnere på/kjøpe. Denne må ikkje berre vere "einvegsskøyrt", dvs. vi ønskjer debatt, kritikk o.l. i bulletinen.

Fleire stemmer for ein rett politikk i kommunestyret.

3) Til tross for at tendensen har gått klart i positiv retning er det ein feil at vi er for lite flinke til få i stand samarbeid med andre representantar i kommunestyret.

Denne feilen heng nok saman med ein skepsis mot å inngå kompromiss.

Vi må halde fast på analysa vår av kommunestyret, og aldri tru at vi kan greie å gjennomføre grunnleggande endringar av maktforholda i samfunnet der. Men når vi på denne måten har klart for oss avgrensingane av kommunestyrearbeidet, må vi ikkje nøle med

å satse på samarbeid og kompromiss som tenner folk flest.

I staden for å vere nøgde med å stille dei rette framlegga og ein rett politikk, må vi tenke meir på korleis vi skal få oppslutning for han.

Kommunestyregruppe.

4) Vi har knapt hatt noka skikkeleg kommunestyregruppe i denne perioden. Sjølv med berre ein representant er det mogeleg å dra fleire med i arbeidet slik at fleire kan få røynsle og slik at ein kan få gjort arbeidet betre. Å få i stand ei skikkeleg gruppe er ein føresetnad for å gjere opp med feila vi har nemnt ovafor.



To representantar!

Sjølvsamt blant folk som ikkje går med tankar om å stemme RV trur vi det er ein del som håper at RV også kjem med i neste periode. Om ikkje anna så synest dei det er bra at det er folk med som veit å "ruske" litt opp i sakene.

Men RV har stilt seg større krav enn berre å "ruske" litt i sakene. Vi treng derfor å auke representanttalet. Vi stiller derfor målsetting om nok stemmer til to representantar ved komande val.

To representantar er svært viktig av fleire grunnar. For det første vil ein gjennom arbeidsdeling kunne gjere meir og betre arbeid. For det andre vil to representantar i kommunestyret opne opp for å få folk inn i viktige nemnder og styrer. Vi har før peika på kor viktig det hadde vore å ha hatt folk i skulestyret i perioden som har gått.

Vi voner at dei som stemte på oss i 1975 og 1977 (stortingsvalet) igjen vil gå og røyste på oss. I tillegg voner vi at det kjem så mange nye at vi greier målsettinga vår med to representantar. Vi voner at dette heftet vil gi deg som les det argument til å verve stemmer for RV, og at du vil agitere blant kjenningar og arbeidskameratar om å stemme på RV.

To representantar krev omlag ei fordobling av stemmetalet. Sist fekk vi knapt 130 stemmer. I samband med senkinga av stemmerettsalderen kjem det så mange fleire veljarar til at vi må rekne med godt over 200 stemmer for å vere nokolunde sikker på to.

INNHALD

Kva gjekk vi til val på ?... 3
Kva er oppnådd - og korleis? 4
Krisa og kommunen 4
30-millionar til KV 8
Kommunen mot vanskelegstilte 9
To tilsetjingssaker 10
Kampen ved Odde Konfeksjon 11
Husleiga til E-verksjefen.. 13
"Pampetariffen" 14
Kronologisk oversikt 15
DNA 28
SV, det nest største partiet 29
Hegre/Sp 31
NKP, eit kort (og trist) kap. 32
Venstre, DnF og KrF 32
RV - nokre av feila 33

Støtt RV også økonomisk!

Ta kontakt med:



Raud Valallianse
Postboks 287
5751 Odde
Postgiro: 3 36 77 03
Kontakt tlf. 46 796